

Innhaldsrik musikkhelg med seminar og konsert

12.11.2007



Grovmessing, med Magnhild Haugland som instruktør. Frå venstre sit Thomas Halvorsen, Birger Bauge, Lene S. Myklebust, Andrea H. Lunde, Jostein Bauge og Hans Fredrik G. Zimmer. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Medlemmene i Uskedal skulemusikk har lagt ei innhaldsrik helg bak seg. Lørdag og søndag hadde dei først seminar før dei avslutta med konsert i Sunde skule. Der var dei Husnes skulekorps sine gjester på eit svært så triveleg arrangement søndag ettermiddag.

Lørdagen på seminaret var i hovudsak sett av til øvingar gruppevis medan søndag vart brukt til samspel og gjennomkøyringar av repertoaret for heile korpset.



Horngruppa hadde Anders Christensen som instruktør. Frå venstre sit Kaja Døssland, Julie G. Myklebust, Birgitte Hjelmeland og Karoline I. Amundsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Lørdag var det leigt inn ekstra instruktørar. I tillegg til dirigenten, Anders Christensen (med ansvar for fellesøvingar og horngruppa) var og Birgitta Fjell Helleland (kornettar), Magnhild Haugland (grovmessing) og Rune Hals (slagverk) med og inspirerte og trena musikantane. Det vart eit svært vellukka og utviklande seminar. Både musikantar og instruktørar gav uttrykk for at dei var svært så fornøgde.



Kornettistane med Birgitta Fjell Helleland som instruktør: Frå venstre sit Ingvill T. Sture, Vegard Døssland, Kristine Ludvigsen, Lars A. Sæbø og Bente Halvorsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Jøss, her har det jammen skjedd mykje i løpet av hausten. Kjempeflinke og flott klang! Her kan vi verkeleg få jobba med musikken, kunne Birgitta og Magnhild samstemt meddela alt under den felles oppvarmingsøkta. Begge kjenner korpset godt frå tidlegare.

- Dette har vore det mest effektivt seminaret eg har vore med på i korpset, sa Magnhild under avslutningen lørdag før Rune og Birgitta la til. – Ja, dette har vore gøy! Veldig flinke!

Innimellom øvingane på dei ulike nummera dei skal spela framover, vart det og lagt vekt på oppvarmingsøvingar, pusteøvingar og klangøvingar. Også dette skjedde med godt humør. Her vart det brukt hjelpemiddel som risborn, brødposar og bordtennisballar.

Mat er viktig på slike seminar. Lørdag fekk dei servert pizza medan det var hamburgar på søndagen. I tillegg

var det populært med frukt og drikke i pausane.

Søndag ettermiddag var det tid for konsert. Då var korpset gjester på Husnes skulekorps sin førjulskonsert i Sunde skule. Dei gav konserten ein spenstig start då dei opna med Jan Magne Førde(Brazz Bros.) sin krevjande og nydelege "Brudemarsj". Deretter presenterte dei to flotte nyare julesangar. Trygve Hoff sin "Nordnorsk Julesalme" i Stein Ivar Mortensen sitt arrangement og "En stjerne skinner i natt" som er blitt gjort svært så kjend og kjær av Oslo Gospel Choir. Til avslutning var det det rock. Dei framførte Michael Jackson sin "Beat it" med god trøkk og presisjon. Då svinga det verkeleg i gymsalen på Sunde. Ein fornøgd og stolt dirigent kunne ta mot applausen frå publikum, og blant publikum sat og mange imponerte foreldre.

Husnes skulekorps var det andre korpset på konserten. Dei spela mellom anna "Rock around the clock", "Bolla Pinnsvin", "Billy Boy" og "In the summertime". Også dei kom fint frå framføringa si, og det er gledeleg å registrera at også dei har hatt fin framgang siste året.

Framføringar av flinke musikkskuleelvar, loddsal, instrumentauksjon ved Arne Torget, kaffi, masse gode kaker og saft var og med og gjorde ettermiddagen til ei komplett kosetund som skulemusikken sette stor pris på å verta invitert til.

PS:

Birgitta instruktør var storleg imponert då ho fekk høyre at trompetisten Frank Brodahl skulle koma og spela med skulekorpset i april. Ho hadde fått oppleva å spela med han på Manger. Det var så fantaskisk! Dette var noko å gle seg til!

Av Thor Inge Døssland



Slagverk-gruppa med Rune Hals som instruktør: Frå venstre ser vi Katrine Y. Røssland, Stian S. Myklebust og Sindre Aksnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)